




KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?



VILLREINSPOR
Lær meir om villrein på
www.villrein.no



RYPEBÆR
Fargar haustfjellet raudt.






SKRUBBÆR
Planta får raude frukter som er
populær fuglemat.



SØTEROT
Sanking og bruk til medisin
har gjort søterot sjelden.



MOLTER
Moltekrem er
gourmetdessert





Familietur 1 t tur–retur
Middels krevjande
Høg 950–1096 moh



Turkart: Rauland
Kart: Møsstrand 1514 IV



Tilgjengeleg
ca. 1.juli–15. oktober



Fjellbygdi ved
Møsvatn av
Øystein Kostveit

NaTUR og kulTUR

Familievennlig tur i vakker høgfjellsnatur med panoramautsikt mot Hardangervidda, Gaustatoppen og Møsstrand. Delar av turen går du på fuktige myrer, så hugs vasstette sko.



«DER INGEN SKULLE TRU AT NOKON KUNNE BU»

Heilt sidan menneska følgde villreinen nordover i Europa etter siste istid, har det budd folk rundt Hardangervidda. På Møsstrand er det funne spor etter menneska som budde på steinalderbusplassen ved Mogen, i nordenden av Møsvatn. I dag bur rundt 150 menneske i den høgastliggjande fjellbygda i Noreg. Nokon av dei driv med husdyr på veglause gardar, som på Førnes. Bilvegen sluttar på Varland, der «vassvegen» over Møsvatn startar. Vegmangelen gjer at mange møsstrendingar har transport med båt og snøskuter som næring, i tillegg til gardsdrift, jakt, fiske og reiseliv. Frå Falkenuten ser du «Møsstrand sentrum»; øya Hovden med kyrkje og tidlegare internatskule (Kostveit, Ø. (2007) Fjellbygdi ved Møsvatn).

Vil du sjå meir av den veglause fjellbygda, som er næraste innfallsport til Hardangervidda? Bli med Fjellvåken II på høgfjells-cruise!



Jaktfalk

KONGELEG HANDELSVARE

Falkenuten har fått namn etter falkefangsten, som var ei viktig næring her fram til 1700-talet. Nederlandske falkonerar budde i steinbuer under Falkenuten og jakta på verdas største falk, jaktfalken. Dei som fanga eit par falkar kvar sommar, gjorde det godt. Falkane selde dei til fyrstar og kongar i Europa, der fuglane blei lærte opp til å fange til dømes fasan. I dag kan du sjå restar etter steinbuer under Falkenuten, og nordvest for toppen finn du fangsttufta (Kostveit, Ø. (2007) Rauland i Telemark). Jaktfalk, dvergfalk og tårnfalk hekkar framleis i fjellområda rundt Falkenuten.



Kor langt er det til Falkenuten frå:

Rauland/Krossen	25 min	15 km
Åmot	45 min	33 km
Øyfjell	45 min	35,5 km
Skinnarbu	50 min	41 km
Haukeli/Edland	1 t	45 km
Rjukan	1 t 10 min	60 km



VILLREINEN TRENG HARDANGERVIDDA

Du er i nærleiken av villreinens rike. Noreg er, i all hovudsak, det einaste landet i Europa som har restar av den opphavlege ville fjellreinen (tundrareinen). Dei 8000–8500 dyra som lever på Hardangervidda utgjør over 1/4 av all villrein i Noreg. Det er dei store, samanhengande, inngrepsfrie områda som gjer vidda spesielt villreinvennleg. Fordi flokkane vandrar mellom mellom sesongbeite og kalvingsområde i løpet av året, treng dei store areal. Villreinen er mest sårbar på vinterbeite og i kalvingstida. Fordi områda rundt Falkenuten er viktige kalvingsområde, hjelper du oss med å ta vare på villreinen ved å ikkje ferdast her i perioden 15.mai – 1.juli. Du er veldig heldig dersom du ser villrein. Dersom du gjer det, bør du ikkje følgje etter dyra, men stå i ro og nyte synet.

Lær meir om villrein på www.villrein.no.

Køyrebeskrivelse

Start i Rauland sentrum

40 Haukeli 362 Følg rv 362 mot Haukeli

Kromviki 12 Etter 4 km ta av til høgre mot Kromviki

P Følg Kromvikvegen (gnusveg) 10,5 km til ein parkeringsplass på høgre side.
GPS: 32V 448613, 6629521

Ver venleg å ta med deg søppel heim. Hugs båndtvangen. Ta omsyn til beitedyr og lat att grinder. Du har sjølv ansvar for eigen tryggleik undervegs. God tur!